

REGLAR TIL UNDERSKRIFT!

Forventningar til elevane frå Voss leirskule

Når mange menneske skal vera saman ei heil veke, er det viktig at me viser omsyn til kvarandre og hjelper kvarandre. Vårt mål er at alle elevar og lærarar skal ha eit fint opphald hjå på Voss leirskule.

Voss Leirskule har desse forventningane alle elevar som kjem på leirskule til oss på Voss 😊

1. På Voss Leirskule er me alle, både vaksne og barn, hyggeleg med kvarandre.
2. På leirskulen må du hjelpa til med å halda fin orden på rommet ditt, tinga dine og på fellesområdet.
3. Vis naturvett, ikkje kast søppel eller øydelegg noko som veks i naturen!
4. Alle må retta seg etter beskjedar frå leirskulepersonale eller medfylgjande lærar.
5. Alle på leirskulen må visa omsyn til andre gjester på Vandrarheimen, og i Voss Resort slik at me alle får eit hyggeleg opphald.

Å vera på skiskule i Voss Resort

1. Me gler oss til å møte deg og til å læra deg til å bli ein betre skiløpar. Du får ha same skiinstruktøren gjennom heile veka.

2. Fyrste dag på ski testar me nivået på alle elevane og deler dei opp i nivådelte grupper. Dette gjer me for at du skal oppleve meistring og få best læring. Skiinstruktøren kan også flytte deg opp eit nivå eller ned eit nivå dersom det er naudsynt. Me skal gjera vårt beste for at du skal få ei kjekk og lærerik veke på ski!



3. Du passer på dine egne personlege ting. Ha lommebok og mobil på deg i jakka. Sekken kan du leggje att på Hangurstoppen i hyllene utanfor Skiskulen.

4. Dersom du treng ein ekstra pause er det svært viktig at du seier ifrå til instruktøren og gjer ein avtale om kvar me møter deg etter pausen. Når du har pause, ryddar du vekk søppelet etter deg.

5. Når skidagen er over, må du sjølv ha kontroll på hjelm og skistøvlar, og bære dette med tilbake til Vandrarheimen slik at det får tørka til neste dag.

6. Me forventar at du og de som leirskuleelevar tek omsyn til dei andre gjestene i anlegget, i varmestova og i bakken.

REGLAR FOR VOSS VANDRARHEIM

For at alle skal få mest mogeleg ut av leirskuleopphaldet har me sett opp desse reglane:

1. Ver høfleg, hjelpsam og omgjengeleg og gjer ditt for at opphaldet skal vera så hyggeleg som mogeleg for alle.

2. Me forventar at du behandlar alt inventar og materiell til leirskulen varsamt. Du er økonomisk ansvarleg for ting du øydelegg.
3. Skal du forlata det indre skuleområdet, meld frå kvar du går! - Alle elever har eige nøkkelkort til sitt rom. Kort leverast i resepsjon ved avreise, tapt kort koster kr 30.
4. Bruk gjerne handsprit frå dispenser når du kjem inn på Vandrarheimen, føre og etter måltid og do-besøk.
5. Demp støy innandørs og respekter at andre har gått til ro og kanskje vil sova.
6. Det skal vera stille i korridorane etter kl. 22.00 og på romma etter kl. 23.00.
7. Det er ikkje tillatt med utesko i spelerommet nede.
8. Det er ikkje tillatt med mat og drykk i spelerommet nede.
9. Biljardkøller og bordtennisracketar og bordtennisball kan lånast frå resepsjonen. Blir utstyr øydelagde kostar dette kr 25 kr pr ball, kr 75 per racket.
10. For at du skal få eit trygt leirskuleopphald, må me vera sikre på at du tek imot dei beskjedar som vert gjevne og følgjer dei reglar du får. Brot på desse ordensreglane kan føra til heimsending på eiga rekning.

Håpar du får eit hyggeleg opphald på Voss leirskule / Voss vandrarheim 😊!

Forslag til skulens egne skulereglar under opphaldet:

1. Mobil /spel-reglar:

Det er lov å bruke mobil som fotoapparat i løpet av skulekvardagen, men hugs at det er ikkje lov å leggje ut bilete på sosiale medium utan godkjenning. Voss leirskule syns det er kjekt om de bruker #vossleirskule om de legger ut bilete. Dersom telefonbruk blir eit problem i løpet av skuledagen, vil regelen bli endra. Klokka 22.00 samlast mobiltelefonar, spelmaskiner og liknande kommunikasjonsverktøy inn for natta. Då skal det også vere stille i korridorane.

2. Gå til Vossevangen- reglar:

Gi beskjed til ein av dei vaksne om og når du går, og avtale når du kjem tilbake på Vandreheimen. I resepsjonen ligg det også ei liste som du kan skrive deg inn og ut på!

Me held avtalar!

Ingen kjem heim seinare enn 21.00.

Ingen går aleine.

3. Brot på reglane kan føre til heimsending!

Eg lovar å fylgje reglane på leirskulen:

Dato: Underskrift elev

Dato: Underskrift føresett